

FANGST OG SKJELPRØVAR I AUDNA


Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2017 var 808 per år (snittvekt 2,4 kg), og fangstane har variert mellom 400 og 1200 dei fleste åra (**figur 1**, stolpar). Etter eit heller dårleg resultat i 2014, med 445 laks, har fangstane auka kraftig dei tre siste åra, og i 2016 var det ein registrert fangst på 1500 laks, som er rekord for heile perioden. I 2017 vart det fanga 1030 laks (snittvekt 3,1 kg).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2017 var 188 per år (snittvekt 1,1 kg). Fangstane har variert usystematisk, frå nær 500 i 1995 og -96, til berre 12 i 2010. I 2017 vart det fanga 167 sjøaure (snittvekt 1,3 kg), som er eit resultat på det jamne.

Det er ingen klar samanheng mellom fangst av laks i Audna og i resten av fylket (**figur 1**, linjer), sjølv om enkelte periodar har liknande variasjon. Laksefangstane etter 2010 har vore høge i Audna i høve til resten av fylket, samanlikna med dei føregåande åra. Sjøaurefangstane var relativt sett svært høge i Audna i 1995 og 1996, men frå 2004 har mellomårsvariasjonen vore ganske lik mellom Audna og resten av fylket dei fleste år.

Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. For laks har det utgjort 7-13 % av fangsten dei fem siste åra. I 2010 og 2011 vart over 90 % av sjøaurane sett ut att, etter det har andelen vore ca. 10-40 %. I 2017 vart 14 % av laksane og 44 % av sjøaurane sett ut att.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Audna i perioden 1995-2017 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder, utanom Audna. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det har til saman kome inn skjelprøvar av 443 laks og 15 sjøaure sidan 2012, men oppslutninga har variert, og to av åra kom det inn berre 10-15 prøvar. Dei siste tre åra har det vore ei klar betring, og i 2017 mottok me skjelprøvar av 116 laks, som er 13 % av avliva fangst.

Det er ikkje registrert rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet noko år.

Eit særdrag ved villaksen i Audna ser ut til å vera ein uvanleg høg andel andregongsgytarar i høve til det ein ser i dei aller fleste andre elvar.



FIGUR 2. Antal skjelprøvar frå Audna 2012-17 og andel rømt oppdrettslaks (%).



Rådgivende Biologer AS

Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

Skjel 2017